

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 42/2006

Møtedato: 6.9.06

Arkiv nr: S 851

S 851, Svenskin – søknad om tilbygg på sel

Harald Ulvestad søker om å føre opp eit tilbygg på stølen på 9,2 m². Stølen høyrer til Ulvestad 88/4 som Harald Ulvestad nyleg overtok i arveoppgjør. Harald Ulvestad har også Ulvestad 88/1 driv med mjølkeproduksjon ut frå tilhøyrande støl S 848.

I stølsregisteret er det registrert følgjande hus til stølen:

Sel på 52 m²

Fjøs på 65 m²

Uthus/skåle på 52 m²

Uthus/skåle på 21 m²

Løe på 49 m², løa er delvis ominnreidd for overnatting utan at dette er godkjent.

I sak 58/2000 behandla fjellstyret ominnreiing av løa og gjorde følgjande vedtak: *Fjellstyret kan ikkje sjå at det er behov for opphaldsrom på tilleggsjorda, og tilrår Statskog å krevja at delen som er bygd om blir ført tilbake til løe i samsvar med opphavleg søknad.* Det har vore eit uavklara arveoppgjør for Ulvestad 88/4 i lengre tid. Statskog har derfor ikkje fått gjort meir med saka.

Oppland fylkeskommune/Fagenhet for kulturvern v/kulturvernkonsulent Leidulv Idland har følgjande merknader til søknaden: *I følge tekeningene vil tilbygget plasseres på hjørnet av selet. Vi mener dette er en uheldig plassering og ikke i tråd med den tradisjonelle byggeskikken i stølsområdet. Med en slik plassering vil man endre på to fasader istedenfor at man kun endrer en fasadevegg, og det vil også endre hovedformen til den eksisterende bygningen.*

Vi vil heller anbefale at man setter opp et tilbygg i lengderetningen, eventuelt på baksiden av bygningen. Taket på tilbygget bør senkes litt i forhold til den eksisterende bygningen for å vise at det er et nytt tilskudd og for å bevare hovedformen på det eksisterende selet.

Statskog har følgjande merknader til søknaden: *Selet er i følge seterregisteret 4 m² større enn oppgitt i søknadspapirene. Det kan for ettertiden være gunstig å få avklart hva som er korrekt areal på selet. Dersom fjellstyret finner behov for tilbygget har ikke Statskog andre merknader til det enn at tilbygget vil gi selet en mer komplisert utforming. Statskog overlater til fjellstyret å avgjøre om tilbyggets utforming er i tråd med lokal byggeskikk for støler i Vestre Slidre.*

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Løyvet er gjeve på vilkår av at huset får utforming i samsvar med merknadane frå Oppland fylkeskommune. Byggeløyve for tilbygget føreset også at opphaldsrom i løa blir fjerna.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.9.06

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Harald Ulvestad
Statskog
Vestre Slidre kommune